


Trafikksikringsplan for Vindafjord kommune

2009-2018



Vedtatt av kommunestyret 27.oktober 2009,
saksnr 058/09


1 INNLEIING

1.1 Vindafjord kommune

Vindafjord kommune ligg nord i Rogaland og grensar nord og aust til Hordaland. Kommunesenteret Ølen ligg ca. 50 km frå Haugesund. Gjennom kommunen frå grensa mot Etne, gjennom kommunesenteret Ølen, og til grensa mot Tysvær, går Europaveg 134.

Kommunesenteret Ølen er eit trafikknutepunkt der bussrute til Sauda, Haugesund og Odda tek hand om dei reisande med hurtigbåt frå Bergen/Sunnhordland.

Ved kommunesamanslåinga hadde den nye kommunen 8120 innbyggjarar. Det var 4700 innbyggjarar i Vindafjord og 3420 i Ølen. (Tala er frå 1. jan 2005). Kommunen har ei grunnflate på 621 km² og er delt i 9 bygder; Sandeid, Vikedal, Imsland, Vats, Skjold, Ølensvåg, Bjoa, Vikebygd og Ølen.



Skuleåret 2007/2008 går det 1180 elevar i grunnskulen i Vindafjord, fordelt på 9 skular der 3 av desse også er ungdomsskular. Det er barnehagar i alle bygder, i alt 7 kommunale og 3 private barnehagar.

Det er 2 vidaregåande skular i kommunen; Lundeneset som ligg i Ølensvåg og er ein internatskule med om lag 170 elevar og Ølen Vidaregåande skule med i overkant av 300 elevar.

I Ølen og Vats er det sjukeheimar. I dei fleste bygdene (ikkje Ølensvåg) er det omsorgsbustader eller trygdebustader.

Vegnettet i Vindafjord er sett saman av 34 km stamveg (E 134), 83 km riksveg, 92 km fylkesveg og 98 km kommunal veg. I tillegg kjem plassar, turvegar, skogsvegar og private vegar.

1.2 Trafikksikringsarbeidet i kommunen i dag

Trafikksikringsarbeidet som vert gjennomført i kommunen i dag omfattar:

- ➔ Bygging av fortau og gang- og sykkelveggar.
- ➔ Enkelte fysiske tiltak finansiert av kommunen, fylkeskommunen og Statens Vegvesen.
- ➔ Opplæring i grunnskulen; samarbeid med lensmannen og Trygg Trafikk.
- ➔ Kontrollverksemd og informasjonsarbeid av politiet.
- ➔ Helsestasjonane informerer foreldre om sikring av barn i bil.
- ➔ Barnehagane gir informasjon til foreldre om trafikksikring kvar haust.

1.3 Kommunal trafikksikringsplan

Stortinget vedtok i 1996 ein interpellasjon der ein bad om regjeringa skulle stimulere fleire kommunar til å lage handlingsplan for trafikksikkerheit. Før kommunesamanslåinga var det utarbeidd trafikksikringsplan for både Ølen og Vindafjord. Desse planane er utgangspunktet for ny plan.

Planen har som overordna mål for gjennomføring av trafikktryggingstiltak og å endre uynskt trafikantåtferd slik at det vert sikrare og følast tryggare å ferdast langs vegane.

Det skal i særleg grad prioriterast tiltak som fører til at elevar i grunnskulen får tryggare skuleveg.

Tildeling av midlar avsette til trafikksikring frå Trafikksikkerhetsutvalet i Rogaland føreset at kommunane har utarbeidd planar for trafikksikring. Midlar kan kommunane få til tiltak på fylkesveg og kommunale vegar og plassar. Til kommunale areal kan ein få midlar som dekkar 60 % av det tiltaket kostar.

Trafikantåtferd og trafikant-roller:

Dei ulike trafikantar har alle frå naturen si side ulikt utgangspunkt til å ferdast i trafikken. I tillegg veit vi at kvar einskild trafikant si åtferd i trafikken ofte har samanheng med yrke, økonomi, livsstil, personlegdom og sjølvopfatning.

Ein har i dag verktøy for å rekne ut effekt av fysiske tiltak.

For ikkje-fysiske tiltak har ein ikkje like gode verktøy.

Livslang læring

Når trafikanten har nådd den mest ulykkesutsette alder og rolle, "fersk bilist", er det gjerne for seint å nå han med åtferd og haldningspåverknad. Dette må skje tidlegare, til dømes gjennom opplæring i skulen. Ved val av tiltak må det leggjast vekt på potensiale for ulykkesreduksjon.

Satsingsområde

Dei trafikantgruppene det særleg må satsast på å påverke åtferda og haldningar til er:

- ➔ Barn og ungdom
- ➔ Fotgjengarar og syklistar
- ➔ Unge bilførarar
- ➔ Yrkessjåførar
- ➔ Eldre bilførarar

Nokre satsingsområde vil påverke åtferda til alle trafikantar. Dette gjeld tiltak for:

- ➔ Fartsreduksjon
- ➔ Sikrere køyring i kryss/strekningar
- ➔ Auka bruk av sikringsutstyr
- ➔ Unngå ruspåverka trafikantar

2 MÅLSETTING FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET

2.1 Framtidsvisjon

Framtidsvisjonen for Vindafjord kommune når det gjeld trafikksikringsarbeidet er:

0 skadde og drepne i trafikken i kommunen
Innbyggjarane i kommunen skal føle seg trygge som trafikantar.

2.2 Hovudmål 1

Borna skal ha trygg skuleveg og verte kompetente trafikantar.

- ➔ Born i skulealder skal ha høve til å komme seg på skulen og til organiserte fritidsaktivitetar utan å måtte takle vanskelege og farlege trafikksituasjonar.
- ➔ For dei som bur lenger unna slik at det ikkje vert naturleg for borna å gå eller sykle til skule/ fritidsaktivitetar må ein fokusere på tilhøva kring busshaldeplassane.
- ➔ Førebygge at nye farlege/vanskelege trafikkpunkt oppstår når kommunen legg til rette for ny utbygging.

I tillegg til fysiske tiltak på vegnettet må ein gjere borna i stand til å opptre som ansvarlege trafikantar når dei er ute og ferdast, slik at dei ikkje gjennom si åtferd utsett seg sjølve eller andre for fare. Innsatsen vert og retta mot informasjon og opplæring til born og føresette i barnehage og skule. Tiltak vil og komme til nytte når borna kjem i alderen der dei er mest utsett for trafikkuulykker; ungdom og unge bilførarar.

2.3 Hovudmål 2

Vaksne trafikantar skal vere ansvarlege trafikantar og gode førebilete for born og unge.

Dei vaksne møter vi i andre roller enn born og unge. Dette er som føresette, yrkessjåførar og bilistar i alle aldrar. Vaksne har ei sentral rolle som førebilete, og det er vaksne som skal drive opplæringa av dei yngre trafikantane.

Som førarar av motorkøyretøy er det vaksne som nyttar det største trugsålet i trafikken; bilen.

2.4 Hovudmål 3:

Farlege kryss/strekningar som vert oppfatta som utrygge og er utsette for ulykker og uhell skal utbetrast.

3 ULYKKESRISIKO I VINDAFJORD

3.1 Politirapporterte ulykker

Dei politirapporterte ulykkene i Vindafjord viser at ulykker skjer på alle vegar over heile året og døgnet utan nokon klar tendens. Førarfeil er årsak til ulykkene i dei aller fleste tilfella.

Størstedelen av ulykkene skjer på E-134 og riksvegane. Gjennomgangstrafikken kan difor ha tyding. R 46 kan likevel skilje seg ut med fleire ulykker enn andre vegar.

3.2 Utryggleik

Trafikktryggleik kan definerast som:

Befolkingas helserisiko; tal på drepne/skadde per 1000 innbyggjarar

Jamfør trafikksikkerhetshandboka (utgjeven av TØI - Transportøkonomisk institutt) er tryggleik i trafikken todelt:

Folk si oppleving av kor farleg det er i trafikken

Folk si kjensle av ubehag eller angst knytt til farar i trafikken.

Undersøkingar syner at dei stadene trafikantar opplever som spesielt farlege ikkje alltid er dei stadene det skjer flest ulykker.

I Vindafjord syner det seg at mange plasser vert oppfatta som så utrygge at ein vel å ikkje utsette seg for risikoen ved å ferdast der. Born og unge vert køyrd med bil av foreldre til/frå skule og fritidsaktivitetar for at dei skal sleppe å gå eller sykle på desse strekningane.

Foreldre og vaksne nyttar i stor grad bilen når dei skal noko sjølv om avstanden ikkje er stor, og turgåarar køyrer bil fleire kilometer og mil for å kunne gå på tur langs stiar og vegar der dei føler seg trygge. Vi meiner at mange stygge ulykker *ikkje* skjer på nokon av dei farlegaste plassane for dei mjuke trafikantane, gåande og syklande, ikkje ferdast der. Likevel viser det seg at dei som ferdast der dei føler seg utrygge er meir aktsame.

Vindafjord Kommune har vurdert fleire av strekningane langs hovudvegane som så farleg at dei tilbyr fri skuleskyss til born som bur nærare skulen enn 2 og 4 km grunna farleg skuleveg.

Det er viktig å merke seg at skuleskyssordninga berre er til hjelp når borna er på veg til/frå skulen. Ofte skal dei same vegen i samband med fritidsaktivitetar, og då er det mange av dei som sykklar om ikkje foreldra er med å køyre.

Ei fysiske utbetring og sikring av desse vegstrekningane vil ha effekt heile døgnet.

Retten til fri skuleskyss grunna farleg veg går ut etter kvart som vegar vert sikra.

3.3 Dei viktigaste utfordringane på sikt

Utfordringane knytte til trafikkisikring er mange og store.

Ein god del farepunkt kan betrast ved tiltak der kostnadene er små og omfanget lite. Noko av desse tiltaka kan gjennomførast som ein del av ordinære drift og vedlikehaldsoppgåver på og langs veg dersom det i budsjettsamheng er gitt rom for det. Rydding av siktsonar inngår i ordinære drifts- og vedlikehaldsoppgåver. Ved nybygg og inngrep må ein etablere rutinar som sikrar at krav om etablering av siktsoner blir tatt med.

Større og meir omfattande tiltak kan løysast som eigne tiltak/prosjekt. Arealplanar og tekniske planar må ofte utarbeidast. Med grunnlag i dette kan kostnadsoverslag utarbeidast og kommunen sin del av finansiering innarbeidast i kommunen sine budsjett. Desse tiltaka må sjåast i ein større samheng og løysast over tid.

For tiltak som gjeld hovudvegane ligg ansvaret til Statens Vegvesen. Vindafjord Kommune kan likevel vurdere problema og vere ein pådrivar for å få dei løyst.

Dei viktigaste utfordringane Vindafjord Kommune ynskjer å få løyst vert:

Trafikantane/Sjåførane:

- ➔ Tryggare og meir ansvarleg åtfærd blant trafikantane.
- ➔ At innbyggjarane og trafikantane syner aktsemd og tek omsyn til tilhøva og medtrafikantar slik at ulykker ikkje skjer.

E-134:

- ➔ Få ei samanhengande rute for gang- og sykkelveg med lys frå kommunegrensa til Tysvær og til kommunegrensa til Etne med naudsynt lysning. Utarbeiding/revidering av manglande planar og gjennomføring.
- ➔ Utbetring av kryssa langs vegen, planskilte kryss for mjuke trafikantar.
- ➔ Utbetring av busshaldeplassar.
- ➔ Sikringstiltak og utbetring av vegstrekningar med tanke på utforkjøringar og for å redusere skadeomfanget ved slike ulykker.
- ➔ Utarbeiding av plan for omkøyingsveg forbi sentrum i Ølen og Ølensvåg.

Riksvegar:

- ➔ Utbygging av gang- og sykkelveg med lys mellom bustadområde og skule der det er gangavstand og ikkje gangveg frå før.
- ➔ Syte for godt vedlikehald av gang- og sykkelvegar.
- ➔ Vurdering og naudsynt utbetring av busshaldeplassar som manglar plass for venting og av/på- stiging.
- ➔ Vurdering av framtidig vegføring og naudsynt utbygging med omsyn til fart, vegbreidd, fare ved utforkjøring og tilhøve til bustadområde og friluftsområde.
- ➔ Utbetring av sideareal.

Kommunale vegar/Fylkesvegar/private areal:

- ➔ Opprydning av utflytande sentrumsareal i Ølen, Ølensvåg og Vikedal til gang- og sykkeltrafikk, parkering, opphaldsplassar og annan trafikk.
- ➔ Fartsgrense 30 km/t i alle bustadfelt/område og ikkje høgare enn 60 km/t på skuleveg.
- ➔ Fortau / gangveg / turveg med lys på strekningane som er skuleveg.
- ➔ Gjere tiltak for at det vert god sikt langs vegar og i kryss og avkøyringar.
- ➔ Bruke fartshumpar der det er naudsynt å redusere farten.

4 FRAMLEGG TIL FYSISKE TILTAK

Fysiske tiltak tek sikte på å utbetre vegnettet slik at ein oppnår gode rammetilhøve for trafikken når det gjeld tryggleiken for gåande og syklande, og ein utforming av vegane og sideareala som er eigna til å redusere skadeomfanget ved ei eventuell ulykke på utsette stader.

Dei ulike tiltaka vert fordelt på dei ulike vegkategoriane då det er ulike etatar/myndigheiter som har det overordna ansvaret. Dei langsiktige tiltaka vert prioritert i høve målsetjingane for trafikksikringsarbeidet i kommunen.

4.1 Mål for dei fysiske tiltaka:

Skulevegen for dei som bur nærare skulen enn 4 kilometer skal vere slik at eleven skal kunne gå eller sykle aleine til skulen, utan at dei sjølve eller foreldra føler frykt for trafikkfare.

For dei som likevel treng skuleskyss på grunn av avstand, må ein sjå på tilhøva på busshaldeplassane, slik at dei ikkje vert utsett for unødig frykt og/eller fare når dei ventar på bussen eller ved på/avstiging.

DELMÅL 1

Opprette eit samanhengande gangvegnett frå bustadområda mot skulane.

- ➔ Meininga er at borna skal kunne gå til/frå skule og fritidsaktivitetar utan å risikere trafikkfarlege situasjonar. Ein må sjå særskilt på dei plassane der borna må krysse bilveg. Val av tiltak må leggje vekt på tryggleiken, sikt, behov for lys og fartsnivået til bilane.
- ➔ Gangvegnettet må vurderast særskilt ved opparbeiding av nye bustadområde.

DELMÅL 2:

- ➔ Utbetre kryss/strekningar som er særskilt utsett i høve trafikkulykker og farlege situasjonar.

Då dei fleste ulykkene skjer på E-134 og R 46, vil gjennomføring av reguleringsplanane som ligg føre for denne vegen verte prioriterte høgt.

4.2 Aktuelle fysiske tiltak

Det finst ei rekke tiltak som kan nyttast for utbetring av vegnettet slik at ein oppnår tryggare trafikktilhøve. Mange av desse må ta i bruk nye areal til trafikkføremål, og treng ei avklaring i plan før gjennomføring let seg gjera.

Det er viktig at inn/utkøyring ved skular og barnehagar har ein trygg trafikkstruktur i høve til skuleskyss, foreldrelevering, og elevar. Lys i desse områda er viktige.

Ved framtidige byggeprosjekt skal dei trafikale løysingane både for bilistar og mjuke trafikantar vurderast.

Som vedlegg til trafikksikringsplanen vert det laga ein tiltaksdel retta mot fysiske tiltak på vegnettet. Tiltaksplanen vert rullert kvart andre år av trafikksikringsgruppa i kommunen. Nye tiltak vert tatt med på planen, og utførte tiltak går ut. Kommunen sine prioriteringar framkjem av tiltaksplanen.

5 FRAMLEGG TIL TRAFIKANTRETТА TILTAK

Framtidsvisjonen for Vindafjord kommune er eit samfunn med 0 skadde og drepne og trygge trafikantar. For å arbeide mot denne visjonen vert det ikkje nok berre å skape trygge fysiske rammer for trafikken. Ein må samstundes sjå på **den einskilde trafikant** som skal nytte det kommunikasjonsnettet som er bygd, enten dei er store eller små, sykklar, går eller køyrar, har god tid eller ikkje. Det er utarbeida nasjonale trafikkreglar som seier ein del om kva som er rett trafikkåtfærd i ulike situasjonar, men trafikken er kompleks og vert påverka av mange faktorar ein må handle etter undervegs. Vegtrafikklova uttrykker dette ved at trafikantane skal utvise aktsemd.

Trafikantretta tiltak set trafikantane i sentrum og tek sikte på å påverke dei og gjere dei i stand til å utvise aktsemd i trafikken, slik at ulykker ikkje skjer og at trafikantane kan føle seg trygge når dei er ute og ferdast. Kompetente trafikantar vert og tryggare på seg sjølve og korleis dei skal takle dei ulike trafikksituasjonane dei møter.

5.1 Mål for gjennomføring av trafikantretta tiltak

Trafikantretta tiltak skal redusere risikoen for ulykker og redusere skadeomfanget når ulykka er ute. Gjennom informasjon, opplæring og kampanjar kan ein påverke ulike trafikantgrupper slik at dei tek større ansvar for eigen åtfærd. Ønska effekt er lågare fart, tydelegare trafikkmonster, omsut for trafikktilhøva på dei ulike stadene og omsyn til medtrafikkantar.

Hovudmål 1 (kap 2.2) rettar seg mot borna, og at desse skal verte kompetente trafikantar. Dette fordi det er som born ein møter trafikksituasjonar første gong, og som born ein må ferdast i trafikken aleine og ta ansvar for eigen åtfærd. Om ein på denne måten klarer å skape ansvarlege trafikantar får det samstundes ein førebyggjande effekt når borna veks til og skal lære å takle større trafikale utfordringar som bilist.

Hovudmål 2 (kap 2.3) set dei vaksne i fokus. Desse har gjennomgått trafikkopplæring på fleire nivå, ikkje minst gjennom køyreopplæring til ulike sertifikat. Det syner seg diverre slik at desse ikkje alltid ter seg slik dei har lært og i høve til dei ulike trafikktilhøva, noko som altfor ofte fører til ulykker. Feil trafikkåtferd gir dårleg signaleffekt for dei yngre trafikantane. Trafikkreglane og kommunikasjonsnettlet vårt er stadig under endring, noko som skaper trong for oppdatering og livslang læring.

Som grunnlag for val av tiltak som rettar seg mot trafikantane som menneske i trafikken vert det sett opp følgjande delmål:

DELMÅL 1

Kontinuerleg opplæring og påverknad av innbyggjarane for å skape gode haldningar og trafikantåtferd.

Gjennom barnehage og skuleverket kan ein sikre ei samordna og progressiv opplæring og påverknad av foreldre.

DELMÅL 2

Gjennomføring av tiltak og kampanjar som rettar seg mot einskilde målgrupper som er spesielt utsette.

Det vert stadig sett i gang ulike aksjonar i regi av t.d. Trygg Trafikk, Vegkontora og forsikringsselskapa, som tek sikte på å rette fokus mot særskilde faktorar som kan utgjere ein stor risiko i trafikken, og få trafikantane til å tenkje seg om og utvise aktsemd.

DELMÅL 3

Kontinuerleg tverrfagleg samarbeid for ein heilskapleg samordning av tiltaka.

Gjennomføring av tiltaka må skje som ein kombinasjon av opplæring, øving og kontroll. Det er ulike institusjonar som har kompetanse på dei ulike områda. Denne kompetansen må samlast for dei ulike tiltaka skal få effekt.

5.2 Målgrupper:

Barn og ungdom:

Den viktigaste måten å nå desse på er gjennom skule og barnehage. Ein kan slik oppnå auka kunnskap og utvikling av trafikantane gjennom dei ulike aldersstega frå tidleg start som gåande, vidare som syklistar, traktor- og mopedførarar til bilførarar. Dette bør komme inn i skulen sine lærarplanar enten som ein del av undervisninga, som eigne temadagar, gjennom besøk og samarbeid med andre institusjonar med kunnskap på området. Aktuelle tema for dei ulike alderstrinna og korleis dette skal gjennomførast bør verte stadfesta i ein eigen plan for haldningsskapande trafikkopplæring som rettar seg mot barnehagane, grunnskulen og den vidaregåande skulen.

For dei minste borna kan helsestasjonen med sine rutinekontrollar av born gje råd og vegleidning om sikring av barn i bil.

Unge bilførarar

Denne målgruppa er ofte utsette i trafikken grunna manglande erfaringsgrunnlag. Eit tiltak er mengdetrening med lærekjøring før oppkjøring. Dette startar dei fleste med i 16-årsalderen, medan dei framleis er skuleungdom. Denne gruppa kan ein difor nå gjennom skuleverket.

Yrkessjåførane

Det er ein stor del av større og tyngre køyretøy på vegnettet i kommunen. Dette gjeld både person- og godstransport. Vindafjord kommune bør gjennom ein positiv dialog med dei bedriftene som driv med person- og godstrafikk søke å skape eit trafikkmønster og tilhøve for stopp, av/påstiging og av/pålessing på ein slik måte at det ikkje vert til fare eller ulempe for resten av trafikkbilete og tek omsyn til dei mjuke trafikantane.

Eldre bilførarar

Dette er ei trafikantgruppe som har ynskje om å gjera ting rett, men som kan ha vanskar for å følgje med i utviklinga, samstundes som dei ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til den naturlege aldringa. Tiltak retta mot denne målgruppa kan skje gjennom eldrerådet og helsetenesta.

5.3 Ulike trafikantretta tiltak

Slik som fysiske tiltak kan også trafikantretta tiltak gjennomførast og oppnå effekt på både kort og lang sikt. Ulike kampanjar og intensive kontrollperiodar vil ha god verknad på kort sikt. Men om ein ønskjer eit godt resultat på lengre sikt, trengst kontinuerleg oppfølging og oppdatering gjennom heile livet. Det er viktig for det haldningsskapande arbeidet at ein øver inn gode vanar tidleg.

5.4 Trafikantretta tiltak i Vindafjord

Vindafjord kommune har i første rekke søkt å oppfølgje dei tiltak som kan gjennomførast gjennom dei ordinære kommunale oppgåvene. Andre tiltak på lokalt nivå krev samarbeid med andre faginstansar og bedrifter/organisasjonar. Vi har under fremma følgjande tiltak som skal gjennomførast:

Utarbeiding av ein haldningsskapande plan for trafikkopplæring i barnehage og skule, for å skape ein kontinuerleg og målretta trafikkopplæring av born, unge og føresette.

Etablering av ei samarbeidsgruppe for trafikksikring som skal evaluere trafikksikringsarbeidet og arbeide for gjennomføring av dei ulike tiltaka. Desse vil og vere ein tverretatleg instans på lokalt nivå som har kompetanse på trafikksikring.

For tiltak retta mot yrkessjåførar og eldre bilførarar vil Vindafjord kommune vere tilgjengeleg og vere ein pådrivar. Det same gjeld haldningsskapande informasjon retta mot promillekøyrarar, fart og bruk av verneutstyr.

5.5 Plan for haldningsskapande trafikkopplæring

I forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler står det i §14 om tryggleik og helsemessig beredskap. Her står det at verksemda skal:

Planleggje og drive slik at ein førebyggjer skader og ulykker.

Ha rutinar og utstyr for handtering av ulykkes- og faresituasjonar, og at dette skal vere kjent for alle, også borna og skuleelevane.

I rettleiing til dette punktet vert det peikt på at trafikkopplæring, særleg for dei yngre borna, bør inngå i undervisninga. Denne trafikkopplæringa bør inngå som ein del av det totale trafikksikringsarbeidet i kommunen. Den bør vere målretta slik at ein oppnår effekt i høve målsettinga for TS-planen. For å sikre dette bør ein utarbeide ein plan for trafikkopplæring i barnehage og skule som gjer greie for innhaldet i trafikkundervisninga for dei ulike alderstrinn.

Organisering:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe som skal utarbeide framlegg til haldningsskapande trafikkopplæring i barnehage og skule. Arbeidsgruppe vert samansett av representantar frå;

skuleadministrasjonen, vidaregåande skule, barnehage, barnas representant og helsesyster.

Innhald:

Planen skal innehalde dei minimumskrav som skal stillast til den haldningsskapande trafikkopplæringa i barnehagane og skulane, samt råd og idear om kva som elles kan styrke arbeidet med trafikktryggleik:

- ➔ Målsetting for trafikkopplæringa
- ➔ Opplærings- og haldningsmål ovafor elevane i skulen
- ➔ Kompetanseutvikling av lærarar
- ➔ Kompetanseutvikling og motivering av foreldre/føresette

5.6 Samarbeidsgruppe for trafikktryggleik

For å kunne følgje utviklinga og sjå til at tiltaka som er fremma i TS-planen vert gjennomført trengst ein organisasjon som har kompetanse på området og gjennom sitt daglege virke jobbe for at målsetjingane vert nådd. Det er det mange institusjonar som har kompetanse og som har til oppgåve å drive førebyggjande informasjon og opplæring, og kontrollverksemd. Beredskapstenestene er og med når ulykker skjer for om mogleg å redusere personskadeomfanget, og rydde opp på ulykkesplassen. For å få ein heilskapleg vurdering av utviklinga og samordne gjennomføringa av tiltaka, vert det naudsynt å samle nokon av desse institusjonane med faste mellomrom. Om dei treffast minst ein gong per år, vil dei og vere med å leggje til grunn naudsynte endringar i TS-planen når den skal reviderast.

Det vert difor oppretta ei samarbeidsgruppe for trafikksikring som vil ha som oppgåve å:

Gjere opp status for dei tiltaka som vert gjennomført

Gjennomgå og analysere datagrunnlaget for å vurdere effekten av dei tiltaka er gjennomført.

Vurdere behov for omprioritering av dei tiltaka som ikkje er gjennomført vurdere om behovet for nye tiltak.

Fremme saker som krev politisk handsaming.

Arbeide mot bedrifter, institusjonar og organisasjonar for å oppmode dei til å setje i verk tiltak på eige felt.

Vindafjord kommune tek ansvar for å kalle inn samarbeidsgruppa minst ein gong per år, eller når det vert aktuelt.

Gruppa skal vere samansett av representantar frå:

- Politiet
- Kommunelege/helsesyster/barnas representant
- Skule/barnehage
- Planavdelinga i kommunen
- Vegkontoret/Trafikkstasjonen
- Eining for kommunaltekniske tenester

5.7 Haldningsskapande informasjon

Informasjon og aksjonar retta mot promillekøyning, fart og bruk av verneutstyr vert gjeve av private og offentlege institusjonar.

Samarbeidsgruppa for trafikksikring skal vere med å sette i verk slike kampanjar på lokalt nivå som er initiert av stat og kommune og som er i samsvar med målsetjingane i denne planen.

Politiet

Som eit ledd i å skape gode trafikantar kan politiet vere ein positiv ressurs. Dei kan drive informasjons-, rettleiing- og kontrollverksemd gjennom samarbeid med skule og andre institusjonar og eigne kontrollar.

Vindafjord kommune vil støtte politiet sitt førebyggjande arbeid og be om uttale i saker som direkte eller indirekte gjeld trafikktryggleik

Helsestasjonane

Helsestasjonen får gjennom spedbarnskontrollar og jamlege kontrollar av borna god kontakt med born og foreldre. Dei skal gje råd og rettleiing om lovar, reglar og tilhøve som gjeld for små barn. Som ein del av dette arbeidet kan vere det naturleg å ta opp tema som sikring av barn i bil og foreldra sin påverknad på borna gjennom sin eigen åtferd i trafikken. Barnehagane bør følgje opp dette arbeidet.

Statens vegvesen

Statens vegvesen har kompetanse og driv målretta arbeid for å skape ansvarlege og kompetente bilførarar, og sikre at bilparken er i forsvarleg stand. Kontrollverksemd i denne samanheng er ei viktig oppgåve for Statens vegvesen.

Statens vegvesen har fagkompetanse på trafikksikring på mange område, også når det gjeld fysiske tiltak og risikovurdering.

Statens vegvesen er veghaldar for dei mest ulykkesutsette vegane i kommunen. Vindafjord kommune må vere ein pådrivar for at dei farlegaste strekningane vert sikra for alle trafikantane som høyrer heime i kommune og for dei mange som er på gjennomreise.

6 ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

I Vindafjord kommune har ein lagt ansvar for trafikksikring til eining kommunaltekniske tenester. Den fysiske delen av trafikksikringsarbeidet vil slik ha god nærhet til utførande eining. For det totale trafikksikringsarbeidet må ein ha kontakt med andre deler av kommunen sin administrasjon og organisasjonar/einingar utanom kommunen.

6.1 Ansvarsforhold

Vindafjord kommune har ansvar for gjennomføring av dei ulike tiltaka i høve til målsetjingane.

For tilhøve som ligg utanfor kommunen sitt ansvarsområde kan kommunen vere ein pådrivar og søke samarbeid for å få løyst dei trafikale problema som er avdekka.

Innholdet og gjennomføring av trafikkopplæring

Den viktigaste trafikkopplæringa vil skje gjennom skuleverket. Dei offentlege barnehagane og grunnskulen er ei kommunal oppgåve. Mykje haldningsskapande arbeid og opplæring kan skje alt i barnehagen. Dei private barnehagane bør følgje opp det same arbeidet som dei kommunale.

Når det gjeld dei vidaregåande skulane er dette ei fylkeskommunal oppgåve Vindafjord kommune bør likevel sjå om det er mogleg å finne fram til eit samarbeid slik at opplæringsplanen også kan gjelde for den vidaregåande skulen. Dette fordi det er i denne aldersgruppa dei første får førarkort og ein finn dei ferskaste bilistane.

Gjennomføring av kontrollar

Politiet har kompetanse til å utføre ulike trafikkkontrollar. Mengde og tidspunktet for desse kontrollane er avhengig av tilgjengelege ressursar og tilgang på utstyr.

Utarbeiding av planar

Kommunen har etter plan- og bygningslovas §12-1 plikt til å få utarbeida reguleringsplan for område der det skal gjennomføres større bygge- og anleggsarbeid.

I kommuneplanen sin arealdel bør eit setje av areal slik at det er plass til utviding av vegar og bygging av gang- og sykkelvegar.

For framtidig utbygging som vil skape nye transportvegar og endra trafikkmonster skal trafikk sikring og behov for gangvegar/fortau og andre fysiske tiltak vurderast. Vindafjord kommune kan sette vilkår for godkjenning at trafikk- og tilkomstilhøva er løyst tilfredsstillande – og sjå til at tiltaka vert gjennomført/opparbeida saman med utbygginga. Reguleringsplanar gjev og heimel til ekspropriasjon av naudsynt grunn til trafikkføremål.

For kommunale veger der Vindafjord kommune står som byggherre, vil kommunen ha ansvar for utarbeiding eller godkjenning av detaljplanar og prosjektering. For fylkes-, riks- og europaveg må planar godkjennast og utarbeidast i samarbeid med Statens Vegvesen.

Måloppfølging

Vindafjord Kommune vil i samarbeid med Statens vegvesen og politiet samle inn informasjon om politirapporterte ulykker og forsikringsuhell. Samarbeidsgruppa for trafikk sikring vil kvart år gjennomgå og sjå effekten av dei tiltaka som vert gjennomført på sikt. Dei vil og fremma forslag om endringar dersom utviklinga ikkje vert som forventa.

Samordning av tiltaka

Fylkeskommunen har etter vegtrafikklova eit overordna ansvar for å tilrå og samordne trafikk sikringstiltak i fylket.

Kommunen har ansvar for trafikk sikringsarbeidet på kommunalt nivå som vegmyndigheit og med ansvar for arealplanlegginga. Dei har og eit ansvar for trafikkopplæring i grunnskulen og trafikk sikringsarbeid i form av førebyggjande helsearbeid. For det tverretatlege samarbeidet på lokalt nivå vil samarbeidsgruppe for trafikk sikringa vere det viktigaste tiltaket.

6.2 Kostnader knytte til tiltak

Før gjennomføring av dei ulike tiltaka må ein utarbeide kalkylar til dei ulike prosjekta. Kostnadsrammene og finansiering må vere godkjent og klar før oppstart av arbeida.

Det bør vere sett av litt midlar til mindre tiltak som kan gjennomførast i tilknytning til anna drift og vedlikehald av vegane.

6.3 Stønadsmidlar

Fylkestrafikksikkerheitsutvalet tildeler kvart år midlar til trafikksikringstiltak til fylkesvegar og kommunale vegar etter konkrete søknader. Til tiltak på kommunale vegar vert kommunen sin eigendel 40 % av kostnadane. Midlane vert utbetalt når tiltaka er gjennomførte og revidert rekneskap ligg føre.

Private organisasjonar/stiftingar gir stønad til trafikktryggingstiltak.

6.4 Budsjettmidlar

Kommunen har i sin budsjettplan løyvd omlag halvannan million kroner til kommunale vegar kvart år. Desse vert nytta til vanleg drift og vedlikehald. Kostnader til drift av veglys er med i budsjettposten.

I tillegg bør det kvart år setjast av midlar til trafikksikringstiltak som skal dekke eigendelen ved prosjekter som mottar stønadsmidlar og til tiltak som ikkje får stønad.

Statens Vegvesen skal i hovudsak gjennomføre og finansiere tiltak på riks- og europavegar.

Rogaland Fylkeskommune har tilsvarande ansvar og mynde på Fylkesvegane, men har i stor grad delegert til Statens Vegvesen.

Vindafjord kan i samarbeid med dei ulike instansane bidra med planlegging, prosjektering og gjennomføring av dei ulike prosjekta. Dette må vurderast særskilt i kvart einskild tilfelle

7 KONKLUSJON

Framtidsvisjonen for Vindafjord kommunen er ei vidareføring av "0-visjonen" med 0 skadde og drepne i kommunen, og at innbyggjarane skal føle seg trygge som trafikantar.

Ein må fokusere på fleire faktorar enn ulykkestal for å kunne fange opp effektar av utbetringar undervegs og som betrar tilhøva over tid.

Politiet sine rapportar for Vindafjord viser at ulykker skjer på alle vegar over heile året og døgnet utan nokon klar tendens. Førarfeil er årsak til ulykkene i dei aller fleste tilfelle. **Størstedelen av ulykkene skjer på E-134 og riksvegane.** Gjennomgangstrafikken kan difor ha tyding. R 46 kan skilje seg ut med fleire ulykker enn andre vegar.

Satsinga til Vindafjord kommune er at born og unge skal kunne ferdast trygt på vegane i Vindafjord og skal kunne komme seg til skulen utan å vere avhengig av skyss grunna farleg veg. Fokus vert todelt der ein på den eine sida gjennom skuleverket søker å skape kunnskapar og haldningar som gjer borna til ansvarlege trafikantar, medan ein på den andre sida set i verk fysiske tiltak på stader og vegstrekningar som er utsett for uhell og ulykker og som vert oppfatta som farleg.

For gjennomføring av dei ulike tiltaka kan ein for mange prosjekter årleg søkje om statlege og fylkeskommunale midlar som er øyremerkta trafikktryggingstiltak. Kommunen må prioritere dei ulike tiltaka – og gjennom eige budsjettarbeid skaffe tilveie naudsynnte midlar slik at finansiering av tiltaka vert mogleg.

Dei fysiske tiltak vert vurdert i ulike prioriteringslister fordelt på europaveg, riks- fylkes- og kommunale vegar/ turvegar/snarvegar. Årsaka er at tiltaka på desse vegane må finansierast på ulike budsjett.

For dei trafikantretta tiltaka vil den største innsatsen i kommunen verte retta mot trafikkopplæringa i grunnskulen. Då desse tiltaka må gjennomførast heilt eller delvis gjennom lærarplanane må skulene vere med å vurdere innhaldet og omfanget. Det vert difor lagt opp til at det skal utarbeidast ein plan for haldningsskapande trafikkopplæring. For å få ein naturleg og kontinuerlig prosess i trafikkopplæringa frå det første møte med trafikken og fram til ein har fått førarkort og det første året som fersk bilist, ønskjer ein at planen også skal omfatte helsestasjon, barnehagen og vidaregåande skule. For den vidaregåande skulen må dette skje i samarbeid med fylkeskommunen og dei vidaregåande skulene.

Vidare vert det oppretta ein tverrfagleg samarbeidsgruppe for trafikktryggleik som minst ein gong per år skal evaluere trafikktryggingarbeidet og vurdere om ein er på rett veg og når dei måla som er sett.

For trafikantgruppene yrkessjåførar og eldre bilførarar vil Vindafjord kommune støtte dei kampanjar som vert initiert frå stat og Fylkeskommune. Likeeins når det gjeld kampanjar retta mot promillekøyring, fart og bruk av verneutstyr. Vindafjord kommune skal vere positive til organisering av ulike kampanjar på lokalt nivå og aktivt nytta den kompetanse og ressursar som vert stilt til rådighet i slike høve.